



Sund kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

«Sund kommune v/kommunestyre

Vår sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Dykkar ref.: «REF»
Vår ref: 2015/18
Vår dato: 29.05.2017

Partsbrev - Val av revisor for fellesnemnda i samband med samanslåing av kommunane Fjell, Øygarden og Sund

Vedlagt følgjer innstilling frå kontrollutvalet i sak PS 34/17 «Val av revisor for fellesnemnda i samband med samanslåing av kommunane Fjell, Øygarden og Sund»

Påskrift til Sund kommune:

Vi ber om at uttalen med vedlegg vert lagt fram for kommunestyre.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Rådmann
Politisk sekretær
Utvalsleiar
Sekretær for førebuande fellesnemnd
Sekretæriatsleiar

Arkivsak: 030
 Arkivnr: 2015/18-11
 Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Sund kommune	34/17	23.05.2017

Val av revisor for fellesnemnda i samband med samanslåing av kommunane Fjell, Øygarden og Sund

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Sund kommune deltok 21.2.17 i felles møte mellom kontrollutvala i kommunane Fjell og Sund med slik sak på saklista:

«Kva rolle skal kontrollutvala i kommunane Fjell, Sund og Øygarden ha i samband med samanslåing av dei tre kommunane – Arbeidsmøte».

På bakgrunn av det som kom fram i møtet vart dette protokollert:

«Handsaming i møtet:

Det er etablert førebels fellesnemnd for den nye felles kommunen. Slik det ser ut no skal Stortinget gjera formelt vedtak om samanslåing i løpet av mai/juni med kongeleg resolusjon i august. Etter dette skal fylkesmannen innkalle til felles kommunestyremøte mellom dei tre kommunane. På dette fellesmøtet skal det m.a. drøftast val av revisor for verksemda i fellesnemnda, jf. inndelingslova § 25. Truleg vil fylkesmannen kalle inn til felles kommunestyremøte tidleg haust 2017.

Arbeidet i dei einskilde kontrollutvala må delast opp i to eventuelt tre delar:

1. Sak i kontrollutvala i mars der det vert teke stilling til:
 - a. Kan revisjonsoppdraget gjerast innan noverande kontraktar?
 - b. Dersom ikkje ein kan nytte noverande kontrakt, kven skal bistå i arbeidet med konkurranseutsetting og evaluering av dei inkomne tilboda.
 - c. Kostnader for revisjon i heile perioden frå 2017 – 2019 må bereknast.
 - d. Kontrollutvala må be om at ekstra kostnader utvala har i samband med førebuing til samanslåinga vert dekkja av førebels fellesnemnd og seinare den endelege fellesnemnda som ein naturleg del av arbeidet med kommunesamanslåinga
 - e. Sekretariat for kontrollutvala i kommunane Sund og Øygarden førebur sak for kontrollutvala i samråd med sekretær for Fjell kommune
2. Sak i kontrollutvala i mai der ev. forslag til konkurransegrunnlag vert lagt fram til godkjenning.
3. Sak i kontrollutvala der det vert laga innstilling til kommunestyret på val av revisor.

Det vert lagt opp til å ha nytt felles møte mellom dei tre kontrollutvala ut på hausten 2017.

Vedtak:

Det vart ikkje gjort vedtak i møtet.»

Påskrift frå sekretariatet:

Sekretariatet har hatt kontakt med kollegaer i Vestfold. Tilsvarende sak har vore handsama i m.a. nye Sandefjord kommune. Der valde dei å be kontrollutvala om å komme med innstilling til val av revisor for fellesnemnd. På bakgrunn av dette er det naturleg at kvar av kontrollutvala i kommunane Sund, Øygarden og Fjell også får ansvar for å komme med innstilling til val av revisor for fellesnemnda. I nye Sandefjord kommune vart det arrangert særskilte kommunestyremøte for kvar av kommunane same dag som fylkesmannen hadde innkalla til felles kommunestyremøte mellom kommunane. I desse kommunestyremøta vart innstillinga frå kontrollutvala handsama.

Sekretariatet har forøvrig fått opplyst at ekstra kostnader til kontrollutval og sekretariat i samband med kommunesamanslåinga vart ført på den einskilde kommune i prosessen fram mot nye Sandefjord kommune. Vidare har vi fått opplyst at kostnader til fellesnemnda i nye Sandefjord kommune vart ført som eit prosjektrekneskap og revidert av Vestfold kommunerevisjon. Arbeidet med revisjon over 2,5 år, beståande av nokre attestasjonsoppgåver og revisjon av den totale prosjektrekneskapen når prosjektperioden er over, får vi anslått har ein totalkostnad på omlag kr. 25.000.»

Drøfting til møte i kontrollutvalet 29.03.2017:

Val av revisor for fellesnemnda går fram av inndelingslova § 25 som lyd slik:

«§ 25.Felles kommunestyre- eller fylkestingsmøte

Når det er gjort vedtak om samanslåing av to eller fleire kommunar eller deling av kommunar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, skal Fylkesmannen snarast mogleg kalle saman til eit felles møte med dei aktuelle kommunestyra. Ved samanslåing eller deling av kommunar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, kallar departementet saman kommunestyra dersom kommunane ligg i ulike fylke. Ved samanslåing eller deling av fylke som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, kallar departementet saman fylkestinga. Departementet kan gjere unntak frå kravet om slikt felles møte. På slike fellesmøte skal følgjande saker drøftast:

- a) forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket
- b) talet på medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget
- c) kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne lova
- d) val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- e) oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.»

Inndelingslova seier ikkje noko om kontrollutvalet si rolle i denne handsaminga. Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) har laga ei sjekklister for revisor, kontrollutval og sekretariat der det m.a. i punkt 4.2 går fram dette:

«Prosjektgruppen anbefaler å følge vanlig prosedyre ved valg av revisor i kommunene, dvs. valg foretas av kommunestyrene etter innstilling fra de sammenslående kommunenes kontrollutvalg. Dette vil også styrke legitimiteten til det valget som gjøres.»

Denne sjekklister finn du på denne lenkja:

http://www.nkrf.no/nyheter_cms/2016/juni/kommunereform-sjekklister-for-revisor-kontrollutvalg-og-sekretariat/5497

Innkjøpsreglar:

Sekretariatet har undersøkt litt når det gjeld terskelverdiar i høve «Lov om offentlege anskaffelser» og «Anskaffelsesforskriften». Begge desse finn du på www.lovdataba.no.

Slik vi har forstått reglane er det på generelt grunnlag slik at dersom anslått verdi for den totale perioden innkjøpet skal gjelde for, er under kr. 1.1 millionar, treng ein ikkje kunngjere innkjøpet på Doffin. Det er då nok å sende førespurnader til 3 tilbydarar, eventuelt fleire, dersom marknaden skulle tilseie at det kan vera lurt for å oppnå tilfredsstillande konkurranse.

Vidare har vi forstått det slik at dersom anslått verdi er under kr. 100.000 gjeld ikkje verken lov eller forskrift og kommunen kan gjera innkjøpet der dei sjølv måtte ønskje. Det er likevel slik at kommunen sjølv kan lage rutinar som er strengare enn krava i lov og forskrift. Sekretariatet har fått opplyst frå Sund kommune at det ikkje ligg føre slike reglar.

Val av revisor for fellesnemnda

Sekretariatet har også undersøkt kva som har vore vanleg praksis i dei kommunane som er ferdig med, eller komme lenger i prosessen med kommunesamanslåing, når det gjeld val av revisor for fellesnemnda. Det vanlege har vore at revisor i den kommunen som er vald til å føre rekneskapen for fellesnemnda også vert vald til å revidere rekneskapen for fellesnemnda. Slik sekretariatet ser det kan dette vera eit fornuftig prinsipp som vi tilrår at kontrollutvalet går inn for. Det er sjølv sagt også mogleg å be andre revisjonsselskap om å påta seg eit slikt oppdrag.

På bakgrunn av dei opplysningane som kjem fram over bør kontrollutvalet i dette møtet drøfte desse punkta:

- Kva revisjonsselskap kontrollutvalet skal tilrå i si innstilling til kommunestyret?
- Kontrollutvala må vurdere kor ekstra kostnader kontrollutvalet har i samband med førebuing til samanslåinga skal dekkast.

Drøftinga må gjerast med tanke på at alle dei tre kontrollutvala, i neste omgang, bør ha same innstilling til kommunestyra på val av revisor for fellesnemnda.

Drøfting til møte i kontrollutvalet 23.05.2017:

I møte i kontrollutvalet 29.03.17 gjorde kontrollutvalet på bakgrunn av det som går fram over slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet i Sund kommune går inn for prinsippa som ligg til grunn i saksframlegget*
2. *Sak om val av revisor for den nye fellesnemnda blir lagt fram i neste møte.*

Kontrollutvala i Fjell kommune og Sund kommune har gjort likelydande vedtak.

Deloitte AS er i dag vald revisor for alle dei tre kommunane som skal slå seg saman. Bjarne Ryland er ansvarleg partner for Sund kommune og Øygarden kommune, medan Helge-Roald Johnsen er ansvarleg partner for Fjell kommune. Sekretariatet har vore i kontakt med Bjarne Ryland i Deloitte. Han stadfestar at dei har same forståing av omfanget på revisjon av fellesnemnda som det som går fram av saksframlegget, dvs. ein total kostnad på omlag kr. 25 000 pluss mva.

På bakgrunn av det som går fram over meiner sekretariatet at kontrollutvalet bør innstiller på at kommunestyret vel den som er revisor i kommunen som fører prosjektrekneskapen, altså revisor for Fjell kommune, til å revidere prosjektrekneskapen for fellesnemnda for samanslåinga av kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

Henvending frå sekretær for førebuande fellesnemnd:

Sekretariatet har motteke e-post dagsett 02.05.2017 frå sekretær for førebuande fellesnemnd, via Sund kommune. I eposten var det vedlagt forslag til saksframlegg gjeldande «Etablering av ny kommune – val av revisor for verksemda i fellesnemnda». E-post med vedlegg ligg ved saka som vedlegg.

Sekretariatet svarte på denne e-posten 03.05.2017. Av svaret går det m.a. fram at:

«Vi er sekretariat for kontrollutvala i Sund kommune og Øygarden kommune. Desse kontrollutvala, saman med kontrollutvalet i Fjell kommune, har i lengre tid vore i prosess når det gjeld kva rolle kontrollutvala skal ha i samband med kommunesamanslåinga. Dette har dei tre ordførarane vore orientert om undervegs i prosessen.

Proessen har vore slik:

- 21.02.2017 Felles arbeidsmøte mellom dei tre kontrollutvala der det vart drøfta kva rolle kontrollutvala skal ha i samband med kommunesamanslåinga
- 16.03.2017 Kontrollutvalet i Øygarden kommune handsama sak om kva rolle kontrollutvalet skal ha i samband med kommunesamanslåinga
- 28.03.2017 Kontrollutvalet i Fjell kommune handsama sak om kva rolle kontrollutvalet skal ha i samband med kommunesamanslåinga
- 29.03.2017 Kontrollutvalet i Sund kommune handsama sak om kva rolle kontrollutvalet skal ha i samband med kommunesamanslåinga
- 03.05.2017 Kontrollutvalet i Øygarden kommune handsamer sak med innstilling på val av revisor for fellesnemnda, sjå vedlagte saksframlegg
- 23.05.2017 Kontrollutvalet i Sund kommune skal handsame sak med innstilling på val av revisor for fellesnemnda, nyttar same saksframlegg som i Øygarden

Det vert både unødvendig dobbelarbeid og noko forvirrande når to fagmiljø lagar kvar sine saksframlegg i same saka, og det gjer det vanskelegare å gjennomføra kontrollutvala sitt ønskje om samanfallande saksframstilling.»

Vedtak i kontrollutvalet i Øygarden kommune 03.05.2017:

«Kommunestyret i Øygarden kommune vel Deloitte AS, som vald revisor i Fjell kommune, til å revidere prosjektrekneskapen for fellesnemnda for samanslåinga av kommunane Fjell, Sund og Øygarden.»

På bakgrunn av dette legg vi i denne saka opp til å følgje kontrollutvalet si bestilling frå møte 29.03.2017 og tilrå same innstilling som vart vedteke i Øygarden kommune .

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at kommunestyret vel Deloitte AS, som vald revisor i Fjell kommune, til å revidere prosjektrekneskapen for fellesnemnda for samanslåinga av kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

Forslag til innstilling

Kommunestyret i Sund kommune vel Deloitte AS, som vald revisor i Fjell kommune, til å revidere prosjektrekneskapen for fellesnemnda for samanslåinga av kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg
Saksframlegg frå Fjell kommune

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Sund kommune - 23.05.2017

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet i Sund kommune vil be om at leiarane i kontrollutvala og ordførarane i dei tre kommunane tar eit møte for å avklare rollefordeling og vidare arbeid.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

Kommunestyret i Sund kommune vel Deloitte AS, som vald revisor i Fjell kommune, til å revidere prosjektrekneskapen for fellesnemda for samanslåing av kommunane Fjell, Sund og Øygarden.